



Vedtaksprotokoll styremøte

Ivar Aasen-tunet, Ørsta

Fredag 9. desember 2016 kl. 10.30–16.15

Til stades

Lodve Solholm (leiar), Grete Riise (nestleiar), Hilde Barstad, Brit Bildøen, Sæbjørn Forberg, Jon Østbø, Stein A. Hevrøy, Øystein A. Vangnes (rådsordførar, observatør), Ottar Grepstad (direktør), Stina Aasen Lødemel (sak 77/2016), Geir S. Netland (sak 77/2016), Gaute Øvereng (sak 77/2016)

Sakliste

Konstituering

- 70/2016 Innkalling og sakliste
- 71/2016 Godkjenning av protokoll

Saker til orientering

- 72/2016 Referatsaker
- 73/2016 Aktuelle saker
- 74/2016 Personalsaker

Vedtakssaker

- 75/2016 Rekneskap januar–oktober 2016
- 76/2016 Årsmelding 2016
- 77/2016 Drifts- og investeringsbudsjett 2017
- 78/2016 Likviditetsbudsjett 2017
- 79/2016 Vidare utvikling og organisering av konsernet
- 80/2016 Søknader om offentlege tilskot 2018
- 81/2016 Fagråd for Vinje-fondet
- 82/2016 Vinje-senteret: forprosjekt
- 83/2016 Etske retningslinjer
- 84/2016 Nynorsk på Frankfurter Buchmesse 2019
- 85/2016 Festivalplan nr. 2 2017–2020
- 86/2016 Diktkammeret.no
- 87/2016 Styreseminar 2017: tidspunkt og innhald

88/2016	Styreprotokollar
Drøftingssaker	
89/2016	Resultatvurdering Ulvik poesifestival 2016
90/2016	Resultatvurdering haustsesongen 2016
91/2016	Språksamlingane og ordbøkene
92/2016	Språk i Vestlandsregionen

Konstituering

70/2016 Innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjend.

71/2016 Godkjenning av protokoll

Vedtak

Protokoll frå styremøte 30.9.2016 er godkjend.

Saker til orientering

72/2016 Referatsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

73/2016 Aktuelle saker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

74/2016 Personalsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

Vedtaksaker

75/2016 Rekneskap januar–oktober 2016

Vedtak

1. Styret tek rekneskap januar–oktober 2016 til vitende.
2. Styret fastset i juni 2017 retningslinjer for vedlikeholdsfondet og plan for disponering av den frie egenkapitalen.

76/2016 Årsmelding 2016

Vedtak

På grunnlag av drøftinga i møtet får styret framlegg til årsmelding 14.2.2017 med merknadsfrist 17.2.2017. Styret gjer endeleg vedtak på møtet 24.2.2017.

77/2016 Drifts- og investeringsbudsjett 2017

Vedtak

1. Styret godkjenner drifts- og investeringsbudsjett for 2017 under føresetnad av at drifta kan finansierast.
2. Det årlege resultatkravet for Allkunne og for Vinje-senteret blir sett til 50'.
3. Det samla resultatkravet for Nynorsk kultursentrum er 600' frå og med 2017.

78/2016 Likviditetsbudsjett 2017

Vedtak

Styret tek likviditetsbudsjettet for 2017 til vitende.

79/2016 Vidare utvikling og organisering av konsernet

Vedtak

1. Styret sluttar seg til hovudlinjene i saksførelegget og bed direktøren arbeide vidare med utdjupande konkretisering fram mot avgjerd på styremøtet i juni 2017.
2. Avdelingar og tilsette blir involverte i det vidare arbeidet på vanleg måte.
3. Styret drøftar profilering av institusjonen som heilskap på møtet i september 2017.

80/2016 Søknader om offentlege tilskot 2018

Vedtak

1. Administrasjonen arbeider vidare med søknader om offentlege tilskot 2017 på grunnlag av drøftinga i styret.
2. Alle søknader for neste driftsår blir sende seinast 30. april.
3. Alle søknadssummar til fylkeskommunar og kommunar blir årleg minimum justerte for løns- og prisvekst.

81/2016 Fagråd for Vinje-fondet

Vedtak

Styret gjer endeleg vedtak om fagrådet på styremøtet i februar 2017.

82/2016 Vinje-senteret: forprosjekt

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

83/2016 Etske retningslinjer

Vedtak

1. Styret fastset etske retningslinjer for Nynorsk kultursentrum i samsvar med saksførelegg og drøfting i møtet.
2. Styret går gjennom ICOMs museumsetiske regelverk på junimøtet i 2017.

84/2016 Nynorsk på Frankfurter Buchmesse 2019

Vedtak

1. Med dei merknadene som kom fram i drøftinga, bed styret administrasjonen leggje utkastet til prosjektplan til grunn for det vidare arbeidet.

2. Styret bed om statusrapport på styremøtet i september 2017.
3. Prosjektarbeidet blir integrert i BU 2018 og BU 2019.

85/2016 Festivalplan nr. 2 2017–2020

Vedtak

1. Med dei merknadene som kom fram i drøftinga, godkjenner styret *Langtidsplan nr. 5 festivalar 2017–2020*.
2. Frå og med 2018 blir Dei nynorske festspela arrangerte andre veka i juni.
3. Styret føreset at dei årlege resultatvurderingane byggjer på føresetnadene i langtidsplanen.
4. Dei strategiske linjene i langtidsplanen blir lagde til grunn ved ei eventuell overtaking av Litteraturdagane i Vinje frå 2018.
5. Styret drøftar neste langtidsplan i 2020.

86/2016 Diktkammeret.no

Vedtak

1. Styret bed om eit komplett saksgrunnlag for endeleg avgjerd om Diktkammeret til styremøtet i februar.
2. Eksterne midlar skal stå urørte til avgjerda er teken.

87/2016 Styreseminar 2017: tidspunkt og innhald

Vedtak

1. Styremøtet blir halde anten 8. eller 9.6.2017, tilpassa programmet for landstinget til Landsamanslutninga av nynorskkommunar i Ulsteinvik.
2. Styreseminaret 2017 er identisk med det første perspektivmøtet for nynorsk. Dette blir arrangert i Aasen-tunet 29.6.2017 i samråd med Nynorsk Forum.
3. Direktøren arbeider vidare med programmet på grunnlag av drøftinga i møtet og legg fram eit endeleg programforslag til styremøtet i februar 2017.

88/2016 Styreprotokollar

Vedtak

Frå og med 2017 godkjenner styret innhaldsprotokollar frå styremøta som før, men signerer berre vedtaksprotokollar frå møta.

Saker til drøfting

89/2016 Resultatvurdering Ulvik poesifestival 2016

Vedtak

Styret gratulerer med vel gjennomført festival og tek informasjonen til vitende.

90/2016 Resultatvurdering haustsesongen 2016

Vedtak

Styret tek informasjon og drøfting til vitende.

91/2016 Språksamlingane og ordbøkene

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

92/2016 Språk i Vestlandsregionen

Vedtak

Styret tek informasjon og drøfting til vitende.

Godkjend protokoll

Protokoll frå styremøte 9.12.2016 er godkjend i møte 24.2.2017.

Lodve Solholm

Grete Riise

Hilde Barstad

Brit Bildøen

Sæbjørn Forberg

Jon Østbø

Stein A. Hevrøy

Ottar Grepstad